

FJORD KOMMUNE
Kontrollutvalet



MØTEINNKALLING

Tysdag 8. juni 2021, kl. 10.00, rådhuset i Valldalen

SAKLISTE:

- Sak 09/21 Godkjenning av møtebok frå møte 23. mars 2021
- Sak 10/21 Rapport etter revisjon 2020
- Sak 11/21 Uttale om årsrekneskap og årsmelding Fjord kommune 2020

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no

Jonas Falch

Leiar

Sign.



GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ MØTET 23. MARS 2021

MØTEBOK FJORD KONTROLLUTVAL

Møtedato: 23. mars 2021
Møtestad: Fjernmøte på Teams

Møtet vart leia av: Solveig Linge Stakkestad
Elles til stades: Gudmund Relling, Tanja Mathiesen, Nina Grøndahl og Emil Einar
Kaldhussæter (vara).

Meldt forfall: Jonas Falch

= 5 voterande

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjend.

Frå kontrollutvalssekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og rådgjevar Solveig Kvamme.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug, konstituert leiar Kurt Løvoll og forvaltningsrevisor Ingvild Bye Fugelsøy.

Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Karl Andre Birkhol og personalkonsulent Martin Vos.

Ordførar Eva Hove deltok på heile møtet.

Fjord kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 05/21

Møtedato: 23. mars 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ MØTET 2. FEBRUAR 2021

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 16. mars 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå 2. februar 2021.



Fjord kontrollutval

Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 06/21

Møtedato: 23. mars 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

MELDINGAR

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 16. mars 2021

Melding nr. 1 Vedtak i Fjord kommunestyre sak 007/21: Plan for eigarskapskontroll for Fjord kommune.

Melding nr. 2 Vedtak i Fjord kommunestyre sak 016/21: Fritak for medlem og val på nytt varamedlem til Fjord kontrollutval

Melding nr. 3 Orientering om FKT (forum for kontroll og tilsyn) sin konferanse i Ålesund 1. og 2. juni 2021.

Det blei opplyst frå sekretariatet at FKT (Forum for kontroll og tilsyn) sin konferanse i Ålesund 1. og 2. juni 2021 var avlyst på grunn av covid-stoda. Den blir erstatta av eit digitalt tilbod.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

Fjord kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 07/21

Møtedato: 23. mars 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 16. mars 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet set i gang arbeid med ein forvaltningsrevisjon innanfor temaet psykisk helse og rus i Fjord kommune i tråd med vedlagte prosjektplan.

Fjord kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 08/21

Møtedato: 23. mars 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

BUDSJETTAVVIK OG OPPLYSNINGAR I ÅRSMELDINGA

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 16. mars 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Eventuelt:

Kommunedirektør Karl Andre Birkhol og Martin Vos gav ei kort orientering om kommunal internkontroll. Dette var ei direkte oppfølging av kontrollutvalet sitt vedtak i sak 03/21 om same tema.

Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål og diskutere ulike syn som kom fram i møtet.

Kontrollutvalet blei einig med kommunedirektøren om at dette temaet blir satt på sakslista til kontrollutvalet på deira møte 7. september 2021.

Kontrollutvalet fekk opplyst at arbeidet med Fjord si eigarskapsmelding var starta opp. Kontrollutvalet bad om å bli halden oppdatert på dette arbeidet.

Møtet var slutt kl. 11.00

Solveig Linge Stakkestad
Nestleiar
(sign.)

Gudmund Relling
Medlem
(sign.)

Nina Grøndahl
Medlem
(sign.)

Tanja Mathiesen
Medlem
(sign.)

Emil Einar Kaldhussæter
Varamedlem
(sign.)



RAPPORT ETTER REVISJON 2020 VED OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR RONNY RISHAUG

Vedlegg: Rapport etter revisjon 2020 frå oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at:

- a) årsrekneskapane til kommunen blir reviderte på ein tryggande måte.
- b) rekneskapsrevisjonen blir utført i samsvar med lov, forskrift og instruksane frå kontrollutvalet og avtaler med revisor.
- c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i kapittel 2 og 3.

Kontrollutvalet skal også sjå til at rekneskapsrevisoren sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgd opp.

Viss påpeikingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportera det til kommunestyret. Kontrollutvalet skal, jf. kommunelova § 14-3, 3.ledd uttala seg til kommunestyret om årsrekneskapane og årsberetningane før formannskapet innstiller til vedtak. Dette kjem i eige sak. Denne saka er ei oppsummering av det arbeidet som er gjort i høve revisjonsarbeidet 2020.


Vurdering:

Revisjonen har no avslutta revisjonen sin av årsrekneskapen til Fjord kommune for regnskapsåret 2020. Revisjonen har gjeven revisjonsberetning datert 02.06.2021 utan atterhald.

Revisjonen har gjennom revisjonsarbeidet sitt likevel observert betringsforhold, men som ikkje gir grunn til å ta atterhald i revisjonsberetninga. Revisjonen vil i møtet 8. juni 2021 orientera om utført revisjonsarbeid og summara opp betringspunkt og merknader.

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten etter revisjon 2020 til vitande.



RAPPORT ETTER ÅRSOPPGJERET 2020

FJORD KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALET 8. JUNI

Innleiing

2

- ▶ Revisjonen av Fjord kommunes årsoppgjer for 2020 ble avslutta den 2. Juni 2021, og revisjonsmeldinga ble laga same dato.
- ▶ Melding frå uavhengig revisors for 2020 var ei «normalberetning», som inneber at revisjonen ikkje har avdekka og påvist vesentlege feil og manglar i kommunen sin rapportering. Under andre forhold har vi kommentert at vi trekker tilbake vår negative beretning datert 15.04.21 og at kommunen ikkje har levert årsregnskap og årsmelding innan lovens frist.
- ▶ Sjølv om vi i 2020 gir ei normal melding, er det enkelte forhold vi ser som forbedringsområder for kommunen. Denne informasjonen kan være hensiktsmessig informasjon for kontrollutvalet, og formidlast i denne rapporten (samt tidlegare rapportering under interim.)
- ▶ Andre forhold som kjem fram i denne revisjonsrapporten er vurdert og definert som **unummererte forhold**.

Oppfølgingspunkter etter interim

3

Listeførte feil i 2020

4

Kommentar	Korrigerede feil	Ikke-korrigerede feil	Påvirkning regnskap per 31.12.2020
Sjukelønsrefusjon – Differanse mellom balanseført krav og krav i frå lønssystemet		342 598	For høgt krav/Inntekt
Sjølvkost – Manglande avsetning til bunde fond – myndigheitsutøving etter forurensningslova		109 510	For lav avsetning/for lav kostnad
Investeringsstilskot – Kyrkje. Er aktivert/balanseført.		271 700	For høg balansesum/kapitalkonto
Feilført/Manglande låneavdrag	1 675 368		Ville gitt for lav kostnad/for høgt resultat
Manglande inntektsføring tilbakebetalt innskot i Åknes/Tafjord beredskap IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS	353 000		Ville gitt for lav inntekt/avsetning i investeringsrekneskapen.

Listeførte feil i 2020

5

Kommentar	Korrigerende feil	Ikke-korrigerende feil	Påvirkning regnskap per 31.12.2020
Aktiv forvaltning – Avvik balanse/gevinst	231 373		Ville gitt for lavt resultat og balanseverdier
Formidlingslån – Avvik balanse og avdrag	157 130		Ville gitt feil balanseverdi og for lavt resultat
Feil fondføring tilskot. Ført mot sjølvkost.	127 000		Avvik mellom note 14/Sjølvkostrekneskap og kommunens balanse

Verksemdsstyring

6

- ▶ Kartlegging av IT-miljø og testing av GITC (generelle IT-kontroller) vart ferdig i desember 2020.
 - ▶ Hjørund kommune har ingen tilsette som har slutta i perioden framleis tilgang.
 - ▶ Framover vil testing av generelle IT-kontroller inngå som ein fast årleg kontroll frå revisjonen, med fokus på tilgangsstyring:
 1. Tildeling av rettigheter i Visma hjå oppstart av arbeidsforhold
 2. Endring av rettigheter i Visma hjå endring av arbeidsforhold
 3. Avslutting av rettigheter i Visma hjå avslutta arbeidsforhold
- ▶ Transaksjonar med nærstående – Kommunen har ikkje gjennomført kartlegging.
- ▶ Kommunen har ikkje lagt fram Økonomireglement, innkjøpsreglement eller finansreglement for den nye kommunen ennå.
- ▶ Kommunen har enno ikkje utarbeidd eigarskapsmelding.
- ▶ Kommunen hadde i 2020 mykje rekneskapsdokumentasjon i papirformat.

Verksemdsstyring forts

7

Årsoppgjeret 2021

- ▶ Kommunen har utarbeidd rekneskapen for 2020 etter dei nye forskriftene, har ikkje samanlikningstal frå 2019 sidan dei er samanslått.
- ▶ Kommunen har nytta regulert budsjett både som regulert budsjett og opphavleg budsjett i årsrekneskapen.
- ▶ Noter – Årsrekneskapen manglar knyting til note.
- ▶ Årsmelding – god forklaring av avvik, men kunne med fordel ha knyt desse nærmare til vedtekne budsjettrammer.
- ▶ Kommunen bør nytte forventingslista frå revisjonen betre for seinare år. Manglar avstemmingar på mange vesentlege områder. Noko som medførte ein del avvik som måtte korrigerast etter at rekneskapen var avlagt.
- ▶ Underdokumentasjon på balanseposter og vesentlege rekneskapslinjer må verte betre.

Øvrige kommentarer

8

- ▶ Finansielle Omløpsmidlar
 - ▶ Ikkje fordelt på aktivaklassar, (Bank, Obligasjonar, Sertifikat, Aksjar og andelar)
- ▶ Driftsmiddel
 - ▶ Differanse mellom anleggsmodulen og hovudbok. Dette har ikkje resultateffekt.

Forenkla etterlevingskontroll av budsjettavvik

9

Uttale om budsjettavvik er ein eigen del i revisjonsmeldinga.

Vi gir ein normal uttale (moderat sikkerheit) for om kommunedirektøren har gjort greie for vesentlege budsjettavvik:

«Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.»

Det bør i 2021 jobbast vidare med målbare Nøkkeltalsindikatorar (KPI'ar), og i større grad beskrive/evaluere samanhengen mellom mål og måloppnåing.

Særattestasjonar gjennomført i Revisjonsåret 2020

10

- 6 Momskompensasjonsoppgåver
- Registrering av personar med psykisk utviklingshemming pr 01.01.20 (28.04.20)
- Attestasjon – Sluttrapport Tettstadsutvikling i Valldal (13.08.20)
- Attestasjon 5 delrekneskap spelemidlar Martin Linge huset. (23.09.20)
- Attestasjon Vedlikehaldsmidlar Covid-19 (03.03.21)
- Attestasjon Barnas supersommar - Bufdir (24.03.21)

Avslutning

11

Vi ønsker å takke administrasjonen i Fjord kommune for samarbeidet, og håper at tema som omtales i revisjonsrapporten vert oppfatta som konstruktive innspel i forhold til kommunens løypande arbeid med forbetring av interne kontrollrutinar, regnskapsførsel og dokumentasjon av regnskapsinformasjon.

Vi ønsker også å takke kontrollutvalet og sekretariatet for god og konstruktiv dialog.

“ Vi vil bidra til at innbyggerne i Møre og Romsdal får et enda bedre fylke å bo i ”

- Møre og Romsdal Revisjon SA



UTTALE OM ÅRSREKNESKAP OG ÅRSRAPPORT FJORD KOMMUNE 2020

Vedlegg:

1. Revisjonsberetning frå Møre og Romsdal Revisjon SA datert 2. juni 2021
2. Årsrekneskap 2020 Fjord kommune (eige pdf vedlegg)
3. Årsrapport 2020 Fjord kommune (eige pdf vedlegg)
4. Notar til årsrekneskap 2020 (eige pdf vedlegg)

Bakgrunn

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret med å sjå til at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen gjeng føre i samsvar med gjeldande avgjerder og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Ansvaret til kontrollutvalet for å føra kontroll med økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Dagens kommunelov stiller ei rekke nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1.

Dette krev at økonomisk handleevne må varetakast over tid, planar for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Ny kommunelov forsterkar altså desse krava og legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne bestemmingar.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttala seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga før formannskapet innstiller til vedtak, jfr. kommunelova si § 14-3.

Ny kommunelov har ein presisering om at kontrollutvalet sin uttale også skal handla om årsmeldinga. Tidlegare tok kontrollutvalet årsmeldinga berre til vitande.

Vurdering

Kontrollutvalet skal 8. juni 2021 behandla årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 for Fjord kommune som er lagt fram av kommunedirektøren og dessutan tilhøyrande revisjonsberetning datert 2. juni 2021.

Kommunen har i 2020 eit netto driftsresultat på 1.715.130,44 kr. Revisor har i revisjonsberetninga ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen eller årsmeldinga.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemma kva uttalen frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsberetning skal innehalda. Verken kommunelova eller kontrollutvalsforskrifta stiller konkrete krav til innhaldet, ut over at den skal knyta seg til forhold i årsrekneskapen eller årsberetninga og tilhøyrande revisjonsberetning. Vi vil likevel sjå nærare på finansielle måltal og budsjettavvik.

Årsrekneskapen

Kontrollutvalet skal kontrollera at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og at kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt.

Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagde årsrekneskapen, kommunedirektøren si årsmelding og revisjonsberetninga.

I tillegg har oppdragsansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon. Revisor har bekrefta at bokføringa er i tråd med bokføringsregelverket. Ingen avvik er rapportert eller avdekt gjennom året frå kommunerevisjonen.

Kommunedirektøren si årsmelding

Årsmeldinga skal mellom anna omtala forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om desse varetar den økonomiske handleevna over tid.

Det er nærliggande å vurdere dette som sentrale moment i uttalen frå kontrollutvalet. Årsmeldinga skal innehalda vurdering av :

- kommunen sin måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg tyding for kommunen eller innbyggjarane.
- tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagd sett i verk for å sikra ein høg etisk standard.
- den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling.
- kva kommunen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta til arbeidsgivar etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Årsmeldinga gir tilfredsstillande opplysningar i forhold til desse punkta. Revisor melder òg i sin revisjonsberetning at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev. Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Finansielle måltal (nytt frå 2020)

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova § 14-1 er å vareta økonomisk handleevne. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltal for utviklinga av kommuneøkonomien, og vil normalt omtale utviklinga av finansielle måltal i årsberetning, jf. Kommunerevisjonen skriv i sin oppsummering etter årsoppgjeret:

Det bør i 2021 jobbast vidare med målbare Nøkkeltalsindikatorar(KPI'ar), og i større grad beskrive/evaluere samanhengen mellom mål og måloppnåing.

Budsjettavvik (nytt frå 2020)

Kontrollutvalet har i arbeidet sitt med førebuing til uttale om årsrekneskap og årsmelding 2020 fått kunnskap om dei nye krava som blir stilte til kommunedirektøren om å gjere greie for moglege budsjettavvik. Dette er òg omtalt i sjølve årsmeldinga på side 8 og i revisjonen sin beretning på side 2. Her gjer revisjonen greie for det ansvaret som ligg i å forklara både beløpsmessige avvik og premissane for dette.

I revisor sin konklusjon går det fram at det er tilstrekkeleg gjort greie for vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Konklusjon

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga og etter ei samla vurdering, tilrår kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmeldinga for 2020 blir godkjent slik den ligg føre.

Dette bygger på ulike orienteringar og saker frå kommunerevisjonen i løpet av året. Kontrollutvalet har fått presentert revisjonsplan, forenkla etterlevingskontroll, interimrevisjon og unummererte forhold. Slik sett har kontrollutvalet eit godt fagleg grunnlag for å gje sin uttale. Revisjonsberetninga er ei normalberetning gitt utan atterhald. Dette betyr at revisjonen ikkje har avdekt eller påvist vesentlege feil og manglar i kommunen sin rapportering.

Kontrollutvalet merkar seg at årsrekneskap og årsberetning 2020 ikkje var levert innan gjeldande fristar og at revisor difor gav ei førebels revisjonsberetning datert 15.april 2021. Denne vart trekt tilbake og erstatta med den endelege revisjonsberetninga datert 2. juni 2021.

Konsekvensane av dette blei knappe tidsmarginar og at det difor vart svært krevjande å ivareta forsvarleg saksutgreiing jf kommunelova § 23-7 andre ledd, knytt til den uttalen kontrollutvalet skal gje.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold i dialog med revisor som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jfr kommunelova § 14-3

Tilråding til vedtak

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

1. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2020 for Fjord kommune.
2. Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på at årsrekneskapane og årsberetningane 2020 ikkje vart levert innan dei fristane kommunelova set.

Til Kommunestyret i Fjord Kommune	Kopi: Kontrollutvalet Formannskapet Kommunedirektøren
--	--

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Fjord Kommune, som viser eit netto driftsresultat på kr 1 715 130.

Fjord kommunes sin årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2020, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er Fjord kommunes sin årsrekneskap gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsrapport, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese den ytterlegare informasjonen, for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Sjå [www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 2](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger-revisjonsberetning-nr-2) som inneheld omtale av revisor sine oppgåver og plikter, jf. ISA 700.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overens med årsrekneskapen.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Fjord kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.


Sjå [www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr.2](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger-revisjonsberetning-nr.2) som inneheld omtale av revisor sine oppgåver og plikter, jf. ISA 700.

Andre forhold

Denne meldinga erstattar tidlegare gitte melding, datert 15. april 2021, som blei gitt ved utløpet av forskrifta sin frist for å gje ei revisjonsmelding. Kommunedirektøren hadde ikkje avlagt årsrekneskap og årsmelding for Fjord kommune for rekneskapsåret 2020 innan fristane som følgjer av kommunelova som er 22. februar og 31. mars.

Molde, 2. juni 2021

Møre og Romsdal Revisjon SA

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Ronny Rishaug'.

Ronny Rishaug
oppdragsansvarleg revisor